Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Fylke: Austfold

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Trögstad

Emne: Brynet Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Molaug Gard: Jörgenstvedt.

(adresse): Norsk Folkemuseum G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Hans Jörgenstvedt, gårdbrukar. född 1870

SVAR

1. brukte "senne" før til å "bryne" med. Ikkje høyrt om hein

2. Nå brukar dei stöypte bryner. Kjöpte sennene hjå kjöpmennene.

3. Slipte og sliper nå alle reidskap på roterande slipestein.

4. Har ikkje høyrt om bryning.

5. Ikkje stor ~~fast~~ stilleliggjande slipestein. "Senna" her er



flat på båe sidene og rett i slipesida som går i ein bue. Hadde den i ei "bötte" med seg ute på jordet i slåtten. "sennebötta"



Sat slik og brynte med "örvet" tilsides.

1062

20

6. slipte på slipestein ettersom det var mykje stein i enga eller åkeren. Ville ein "bomma" hardt gjekk det hardt ut over "jaen" Hadde nok ljåen 3 dagar utan å slipe. Vart etterkvart "tjukk" i eggen.

7. Hadde "strøkstikke.



omlag slik

Den sat fast på orvet med "kramper" nederst og "krok" med handtaket.
Laga strøkstikka av osk eller litt hardt tre. Prikka hol i den med kniven og strødde på fin ~~sand~~. Fin grussand av finaste slaget. Ei stikke til kvart orv.

8. Ta av orvet helst. Er det berre å reparere litt på eggen, kan ein like gjerne la orvet vere på. Då er det litt tungt å halde.
Orvet peiker frå med ~~oversida og nedersida ut.~~ undersida.
Må ikkje komme i vegen for den som drar. Held i ljåen med tomalfingern oppå ~~på~~ med venstre hand. Held orvet med høgrehanda. Tomalfingern oppå der også.
Best er det å slipe når ljåen er teken av.

9. Ikkje stuttorv.

10. I gamle dagar aldri anna enn sinna og bryggebytta. Nå brynet i lumma.

13. bruka vatten.

1062
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING